

Notat etter møte med Rådmannen i Lindås 24.11.2014

Mållaga i Lindås kommune (Alversund, Lindås og Ostereidet) bad 24.11.14 om eit møte med Rådmannen i Lindås for å setje fokus på det offentlege målarbeidet i kommunen.

Desse punkta blei lagt fram.

- Korleis meiner Rådmannen at stoda er for språkbruken i Lindås kommune? Rådmannen har ikkje sett seg inn i dette, men tykkjer at godt språk i saksutgreiingar er viktig og er prioritert. Han ser at kommunen har eit forbettringspotensiale.
- Kursing: Kommunen gjev kursing i korleis skrive saksutgreiingar, dvs eit standard, teknisk språk. Me oppmodar Rådmannen til å gje tilsette i administrasjonen kursing i god skriftleg nynorsk og viser til at LNK (Landssamanslutninga av nynorskkommunar) kan gje hjelp. <http://lnk.no/om-lnk/pa-saklista-kurs>
- Mållaga oppmodar at det må vere samsvar mellom kommunen sine «fyndord»: «Framtidsretta», «Kvalitetsbevisst» og visjonen «Der Draumar blir Røyndom» og den faktiske implementering av desse orda. **Rådmann vil ta dette opp på leiarmøte.**
- Mållaga oppmodar at nye framandspråklege som skal busetje seg i kommunen får norskopplæring på nynorsk. Skal dei kunne forstå det offentlege språket i kommunen, er det viktig at opplæringa er på nynorsk, og i og med at Lindås kommune har vald nynorsk som offentleg språk er det ikkje noko som skal tilseie at dette ikkje skal vere nynorsk dei får opplæring i. Det er nynorske læringsmiddel tilgjengeleg for denne opplæringa. I praksis i dag produserer nynorskkommunen Lindås bokmålsbrukarar. Det er sjølvsagt viktig at vaksenopplæringa og den opplæringa borna deira får i skulen ikkje kjem i konflikt, men det er heller ikkje grunn til at borna deira skal automatisk plasserast i bokmålsklassar. **Rådmann vil ta dette opp med gjeldande instansar.**
- Mållaga ynskjer at offentleg skilting skal vere på nynorsk, anten det gjeld offentlege instansar som rådhus, lege- og tannlegekontor, vegmerking og så vidare. (Sjå til Sogn og Fjordane!) *Forslag frå mållaga som ikkje kom opp møtet: All skilting framover blir gjort på nynorsk og gamle skilt blir etterkvart erstatta av nye nynorskskilt.*
- Mållaga ynskjer at kommunen er meir observant når det gjeld statlege skriv, plakatar og materiale som anten skal ut til innbyggjarane eller som er synlege, og at dette er på nynorsk. Om det ikkje blir automatisk tilsendt frå Staten, oppmodar me kommunen til å krevje det. LNK medlemskapet kan her vere til god hjelp.
- Mållaga oppmodar Rådmannen å sende ut ei påminning til alle offentlege instansar om at alle offentlege skriv med Lindås kommunelogo må vere på nynorsk.
- Mållaga ynskjer å stille seg til disposisjon i arbeidet med å få kommunen til meir medviten bruk av nynorsk. **Rådmann vil ta dette opp på leiarmøte.**
- Forslag frå Mållaga: I samarbeid med Lindås kommune ynskjer Mållaga å få til ein «Målambassadør»-pris. Ei offentleg merksemd gjeven til ein person for god nynorsk målbruk. **Rådmann vil ta dette opp på leiarmøte.**

- Lindås kommune er kåra til «Kulturkommune», kultur er meir enn kunst og musikk – det er også språk. Språk er identitet og tilhøyrse. Mållaga i Lindås ynskjer at kommunen fremjar denne delen av kulturen meir enn den har gjort fram til no.
- Til slutt oppmodar me Lindås Kommune til å setje seg inn i og bruke LNK – som ein viktig ressurs for å sikre god målbruk i kommunen. <http://lnk.no/>

Me takkar Rådmannen for at han tok seg tid til å lytte, og me er klar på at oppmodingar, ynskjer og forslag frå Mållaga i Lindås vil bli tatt opp på leiarmøte, - og vonleg blir forslaga effektuert.

Me ser fram til eit vidare samarbeid.

Skrivar gjer merksam på at dette er eit notat og ikkje eit referat.

Med helsing

Alversund Mållag v/ Inger Helen Midtgård

Lindås Mållag v/ Audhild Fosse

Ostereidet Mållag V/ Nina J Eide

Skrivar

Nina J Eide